



Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/320 - 23/5038

Sakshandsamar:  
Berit Karin Rystad  
berit.karin.rystad@fedje.kommune.no

Dato:  
10.10.2023

## Søknad om bygdeveksttaltale 2024-2027

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Berit Karin Rystad  
Kommunedirektør

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FE-026	23/320

Saksnr	Utval	Type	Dato
050/23	Formannskapet	PS	19.09.2023
049/23	Kommunestyret	PS	28.09.2023

Søknad om bygdevekstvtale 2024-2027

Vedlegg:

Tilskotsordning for utprøving av bygdevekstvtalar

Vedlegg søknad om bygdevekstvtale 23.06.23

Søknad bygdevekstvtale 2023

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Regjeringa har lyst ut tilskotsmidlar til pilotordning for utprøving av bygdevekstvtaler som eit distriktspolitisk verkemiddel. Det ligg inne 15 millionar til ordninga. Målet med ordninga er å bidra til busetjing, sikre tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsetta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Det er kommunar i sentralitetsklasse 5 og/eller 6 som kan søkje, men kommunar med i sentralitetsklasse 4 kan også delta saman med desse. Departementet oppfordrar til samarbeid mellom kommunane. Kommunane må ha felles ambisjon om å ta tak i felles utfordringar og mogelegheiter, og med utgangspunktet i desse forplikte seg gjennom ein avtale med staten til å gjennomføre konkrete og målretta tiltak for å ta tak i/handtere desse. Samarbeid vert også framheva av Statsforvaltaren i Vestland.

Fedje kommune søkte i 2022 om å få delta i bygdevekstvtale med kommunal- og distriktsdepartementet utan å nå opp (sak 22/345, saksnr. 071/22, 042/22). Alle kommunar som søkte i fjor er oppmoda om å søkje att i år. Midlane vart lyst ut 16. mars med søknadsfrist 23. juni.

Søknaden i 2022 var eit samarbeid mellom Fedje og Solund kommune. Det er lyst ut ny runde med Bygdevekstvtale der det er lagt stor vekt på eit forpliktande samarbeid mellom kommunar. Fedje og Solund har difor utarbeidd ein felles søknad som er basert på felles utviklingstrekk, og der vi i større grad kan hjelpe kvarandre gjennom felles problemstillingar.

#### Tema for søknaden:

- Ei framtidsetta næringsutvikling basert på våre fortrinn sett i samanheng med regionale og nasjonale planar
- Betring av infrastrukturen til øysamfunna våre
- Rekruttering av riktig kompetanse og lokale tiltak for kompetanseheving
- Bustadutvikling øykommunar i distriktet ei ny tid.

Søknad er sendt inn innan fristen 23.6.23. Det er eit krav at søknaden er handsama av kommunestyret. Fedje kommune hadde sitt siste kommunestyremøte 15. juni og søknaden var ikkje ferdig då. Difor blir denne saka handsama i fyrste møte etter sommarferien.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren vurderer at ordninga med bygdevekstavgifter treff Fedje kommune godt, og rår til at kommunestyret gjev si tilslutning til å sende inn ein søknad saman med Solund kommune om å få delta i utarbeiding av ein bygdevekstavgift.

Folkehelse

Ein Bygdevekstavgift vil bidra til ei positiv utvikling på Fedje som kjem alle til gode

Miljø

Ikkje relevant

Økonomi

Prosjektet kan gi fleire innbyggjarar og større skatteinntekter til kommunen og betre den økonomiske situasjonen i kommunen

### **Konklusjon**

Fedje kommune søker saman med Solund kommune om å få være med i utarbeiding av bygdevekstavgift 2024-2027

### **Forslag til vedtak:**

Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søker om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavgift 2024-2027 saman med Solund kommune

Formannskapet - 050/23

### **F - behandling:**

#### **F - vedtak:**

Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søker om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavgift 2024-2027 saman med Solund kommune.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 049/23

### **K - behandling:**

#### **K - vedtak:**

Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune søker om å bli med i pilotprosjekt Bygdevekstavgift 2024-2027 saman med Solund kommune.

Samrøystes vedteke.

